



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Forvaltningsavdelinga

Vår ref.: 2008/6578
Arkivnr.: 340

Dykkar ref: 08/1060
Vår dato: 30.07.2008

Kommunal- og regionaldepartementet
Kommunalavdelinga,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo


Høyring - forslag til endringar i vallova og kommunelova

Vi viser til brev av 27. juni 2008 om høyring av forslag til endringar i vallova og kommunelova. Høyringa gjeld forslag til endringar i vallova og kommunelova, med vekt på evaluering etter dei politiske vala hausten 2007. Fylkesmannen er i det store og heile samd i dei foreslåtte lovendringane. Vi ser desse forslaga som ein del av nødvendige kortsiktige tiltak, justering frå eit val til neste, basert på grundig og objektiv evaluering.


Samstundes savnar vi at ei form for langsiktig program sikra god nok kvalitet i gjennomføring av val. Demokratiet er avhengig av tillit til at valet har gått rett for seg, det skal ikkje mykje til for å rive ned tilliten. I eit land med mange kommunar, og i desse dagar stor utskiftning av personellet, opplever vi at det er eit behov for auka kompetanse. Den som administrativt leiar gjennomføringa av val i ein kommune burde ha ein formell opplæring. Vidare saknar vi at ein på valområdet i større grad styrer ved bruk av retteleiarar. Bruk av rettleiarar er vanleg for å sette ein fagleg norm, der tilfeldige variasjoner er for store.

Vidare saknar vi betraktningar om korleis ein kan få til ein god utvikling av den norske demokratiske styringsforma i høyringa. Spørsmålet er om justeringane etter kvart val av valsystemet, fører forfatninga i rett retning? Den norske forfatninga er for ein stor del ikkje skriftleggjort, den er danna av sedvane. Ein kan ikkje ved bruk av Grunnlova forstå korleis det norske demokratiske styringssystemet verkar. Hvis ein då heller ikkje har skriftleggjort i annan form korleis styringssystemet er og prinsippa for det, så kan endring av reglane for styringssystemet, eller demokratiet om ein vil, få preg av tilfeldigheit. I dag er § 1-1 i vallova: "Formålet med loven er å legge forholdene til rette slik at borgerne ved frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter til Stortinget, fylkesting og kommunestyrer", såpass generell at det vanskeleg kan leggest til grunn for utvikling av det norske demokratiske styringssystemet.

Med helsing



Harald Thone
Fylkesmann



Grete E. Øvernes
Avd.direktør

Saksbehandlar: Ivar Langvik
Saksbehandlars telefon: 51 56 88 46
E-post: ivar.langvik@fmro.no

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811